



Uteanlegget ved skulen er snart ferdig, og salet av hjartelodd frå måndag går delvis til ei hengebru. Her er lærarane i gang med dugnadsarbeid i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

70 av dei 95 elevane ved skulen startar måndag sal av hjartelodd for Uskedalen Helselag/Nasjonalforeningen, opplyser leiar Selma Eik til uskedalen.no.

Dette er tredje året elevane sel hjartelodd og som i fjor har dei - ved elevrådet - teke på seg å selja 500 lodd. Ikkje berre går inntekta til livsviktig hjarteforskning – den går også til eit godt føremål ved skulen her i bygda!

- Eg reknar med at salet kjem til å gå føre seg ut neste veke. Meininga er å dekke heile bygda. Også i fjor gjekk 500 lodd greitt unna medan dei 750 lodd elevane tok på seg å selja første året viste seg å vera litt for mange, seier rektor Vidar Haugland. Det er elevane frå tredje til sjuande klasse som har oppdraget.

Hvis alle lodd blir selde blir inntekta 15.000 kroner og 35 prosent eller vel 5.000 av dette går til elevrådet. Her er prosenten økt frå 25 i høve til i fjor. Det er Nasjonalforeningen på landsbasis som står for salet av desse lodd og lokal-laga får eigentleg denne prosenten, men i Uskedalen går den altså vidare til skuleformål.

- Og kva vil pengane gå til heilt konkret?

- Dei går inn i potten til elevrådet som frå før inneheld 30.000-35.000 kroner. Pengane skal gå til finansiering av ei 7,5 meter lang hengebru som er siste byggjesteget i satsinga på uteområdet. Sjølve brua blir levert frå Tyskland og er under bestilling no. I tillegg treng vi endel stokkar der vi enno ikkje har bestemt oss for leverandør, opplyser rektor Haugland.

Av Ola Matti Mathisen